


# Osingen

Årsskrift 1989  
Utgjeve av Os Mållag



# Osingen 1989

Utgeve av  
Os Mållag

## INNHALD:

|  |         |
|--|---------|
| Jimmy Øvredal:<br>Du er med .....                              | side 1  |
| Øyvind Hobberstad:<br>Frå «Fuglesang» til<br>«Kongshaug» ..... | side 2  |
| Henning Henriksen:<br>Bokprat med ein bokmann .                | side 6  |
| Bernt Kristiansen:<br>Modell for Sigurd Bugge .....            | side 8  |
| Åsmund Lien:<br>Målbyte i skulane i Os .....                   | side 9  |
| Bernt Kristiansen:<br>Tommelfingerregel .....                  | side 12 |
| Else Karin Bukkøy:<br>Askebegeret .....                        | side 13 |
| Barnesider av elevar<br>ved Søre Øyane skule .....             | side 14 |
| Maria Tveit og Hilda Feste:<br>Litt om kvinnebunader .....     | side 16 |
| Arne Aarseth:<br>Bjørnefjordens røyster .....                  | side 19 |

### Skriftnemnd:

Samson Bjørke  
Henning Henriksen  
Kåre Herdlevær  
Margit Tøsdal  
Jostein Røttingen

### Framsida og teikningar:

Bernt Kristiansen

### Trykk:

Risan & Larsen A.s, Os

Kr. 20,-

# Til lesaren

Årsskriftet OSINGEN rundar i år sin første milepel. Rett nok er ikkje 5 år eit stort jubileum. Men handelen høgtidar både 1, 2 og 3-årsjubileum, så då må no vi ta oss tid til eit lite attersyn etter dei første 5 åra.

Føre-målet med årsskriftet var frå starten to-delt. Det eine var å fremja arbeidet for nynorsken i bygda. At dette har bore frukter viser både auken i medlemstalet i Os Mållag og at det har vore råd å halda opp ein høg nynorskprosent mellom elevane i barneskulen.


Det andre var å presentera lokalt stoff i ei form som gjorde det lett tilgjengeleg for lesarane. I tillegg, ønskte ein å nytta lokale medarbeidarar som ved dette fekk høve til å presentera både stoffet og seg sjølv.

Begge desse føremåla har lukkast, meiner vi. Eit prov på det er at skriftet kvart år har fått god presseomtale, og at det har blitt seld i eit tal på 12-1500 eksemplar. At så mange år etter år sikrar seg skriftet, og at det også vert sendt til slekt og vener, er det som gler skriftnemnda mest.

Skriftnemnda sitt ønskje for dei neste 5 åra er at vi kan makta å få fram stoff som lesarane set pris på, slik at skriftet vert like leseverdige som det har vore hittil.

Takk til alle lesarane, med ønskje om ei god jul!

*Med helsing frå skriftnemnda.*



## Helsing

Til .....

.....

Med dei beste ynskje om **god jul og eit godt nytt år!**

Frå .....

.....



# DU ER MED

Av Jimmy Øvredal  
(1989)

## EI HELSING ÅT FAR MIN.

Mel.: Amerikansk country-låt –  
«Han er min sang og min glede».

*Eg kan sjå deg i doggvåte blomar  
som eit syn frå ei eventyrverd.  
Og når solvinden stryk meg i håret  
er du med meg i tankane der!*

*Refr.: Over eit myldrande stjernehav  
føler eg pulsen din slær  
– veit du er med meg i tankane;  
uendeleg sterkt og nær!*

*Du er alltid i nærleiken av meg  
der eg går over myrdrag og mo.  
Og eg kjenner at kroppen og tanken  
er ein del av ditt kjøt og blod!*

*Ref.:*

*Og i glitrande sylvmånebylgjer  
kan eg sjå at du smiler som før.  
Eg kan høyra deg kviskra i natta  
i eit levande trollmåneslør!*

*Ref.:*

*Og på borken av utslitne furer  
kan eg kjenna di grovbarka hand,  
og ho leier meg varsamt i skodda  
mot eit betre og tryggare land!*

*Ref.:*

*Du er med i det svalande yret  
– i eit glitrande regnbogespel,  
– og i gullkanta solegladskyer  
gjev du trøyst til ei utsliten sjel!*

*Ref.:*

*Eg kan kjenna dei vêtslitne hender  
stryka tårer frå raudgråtne kinn,  
og eg minnest små, barnlege gleder  
på ei eng i ein solsumarvind!*

*Ref.:*

*Og når morgonen raudnar blant skyer  
bak dei snødekte fjella i aust,  
kan eg kjenna kor hjarta ditt bankar  
i ein fargeprydd eventyrhaust!*

*Ref.:*

*Teikning: Hans Ingebrigtsen*

# Frå «Fuglesang» til «Kongshaug»

– men songen har slett ikkje tagna

Nokre korte glimt frå folkehøgskolen på Lepsøy  
av Øyvind Hobberstad

– Skolefolka var mykje interesserte i staden og hadde ikkje lovord nok om den, og det var deira meining at nokon finare og meir lagleg skolestad var vanskeleg å finna. Dei visste ikkje om noko liknande her i landet.

Datoen er 3. november 1960. Ein delegasjon med *Statens tilsynsmann for folkehøgskolen* i spissen var på Lepsøy for å sjå på området der Bergen krins av Norsk Luthersk Misjonssamband ønskte å reisa ein ny folkehøgskole. Med i delegasjonen var også skoledirektøren, ordføraren og anna godtfolk.

Kring halvåret før denne haustlege synfaringa på Lepsøy, finn vi det som kan kallast eit startpunkt for skolen som vi i dag kjenner som Kongshaug Folkehøgskole. 25. mai 1960 vart eigedommen «Fuglesang» lyst ut for sal. Ingeniør Leif Saanum som var aktivt med i Misjonssambandet, var mellom dei som la merke til annonsen. Lenge før dette hadde det levt eit ønske og ein draum hjå misjonsfolket om å reisa ein skole for ungdom. Saanum tok difor straks kontakt med Ingvald Mørk som var krinsekretær i Misjonssambandet, og saman kon-

takta desse to Lars Aasgard som var fomann i krinsstyret. Styret vart kalla saman, og etter få dagar var kjøpet avgjort. For kr. 300.000 hadde Misjonssambandet fått ein skolestad som kyndige folk kort tid etter omtala som den finaste og mest laglege ein kunne finna.

## HANDELSSKOLE ELLER FOLKEHØGSKOLE

Snøgt gjekk det å bli samde om å kjøpa den staselege og herskapelege ferieeigedommen, og lang tid gjekk det heller ikkje før ein var i gang med planlegging for å gjera området om til skolestad og senter for misjonen. 11. oktober 1960 heldt byggenemnda sitt første møte. I den sat Leif Saanum, Sigurd Bergheim og Olav Vaagen. Ei av dei første oppgåvene denne nemnda tok fatt på, var ei opprusting og ombygging av den gamle herskapsvillan, med tanke på å gjera han tenleg til skoleføremål.

Det første større arrangementet Misjonssambandet inviterte til på det nye senteret, var ei samling for tilsette og leiarar i misjonen. «Midtvinters og kaldt», minnest Sigurd Bergheim. «Kakkelomnen i første etasje hadde etter fleire dagars iherdig fyring så smått teke til å gje varme frå seg. Det var eit rikt samvær».


Hovudsaka for misjonsfolket var å starta ein skole som kunne «verta til hjelp for vår ungdom». Ulike skoleslag vart drøfta, men til sist vart ein samde om å søkja tilskott til å driva folkehøgskole. Søknaden vart sendt i 1961, men det tok tid før svaret kom. Det var i denne ventetida det var handelsskole på Kongshaug. Misjonsfolket ivra etter å koma i gang med skole drift, og frå januar 1962 vart det drive handelsskole på Lepsøy, i samarbeid med Drottningborg, Misjonssambandets handelsskole i Grimstad. Siviløkonom Gisle Espeland var styrar og Peder Haugland som til då hadde vore ungdomsarbeidar i misjonen, tok til som lærar.

I løpet av kort tid vann den nye skolen seg eit godt namn og fekk mange elevsøknader. Mange meinte det ville vera klokt å halda fram med handelsskole, og at ein difor skulle trekkja søknaden om folkehøgskole drift attende. Men fleirtalet i krinsstyret stod på at det var folkehøgskole ein primært ønskte å driva.

I april 1964 kom det godkjenning frå departementet om å starta folkehøgskole drift frå 1. juli same år. Fristen var kort om det skulle bli mogeleg, og aktiviteten vart hektisk.



Dei første åra gjekk mest all skoleaktiviteten for seg i den gamle herskapsvillan.



*Nokon finare og meir lagleg skolestad var vanskeleg å finna, meinte Tilsynsmannen for folkehøgskolane då han kom til Lepsøy hausten 1960. Med eit staseleg parkområde og storfelt utsyn over Bjødna fjorden, gjennom vindaugo i Villaen, kan ein skjøna at han vart imponert.*

#### BYGNINGSMENN

I Kviteseid i Telemark dreiv Misjonsambandet Kvitsund Skole. Rogalendingen Josef Tunland var der, og han vart no beden om å ta på seg styraransvaret på Kongshaug. Han fekk med seg Asbjørn Tveiten som lærar. Då Tunland etter 10 år på Kongshaug vart kalla til nye oppgåver i misjonen, tok Tveiten over som rektor, og ein gjer knapt nokon urett om ein seier at det er desse to som i særleg grad har bygt opp folkehøgskolen på Lepsøy.

Ein tredje bygningsmann lyt forresten også nemnast: Lars Haugland. I reint bokstaveleg tyding vart han Kongshaugs fremste bygningsmann. Som tømrrar kom han inn i arbeidet på Kongshaug då hus etter hus skulle reisast, heilt frå 1963, og i 1966 vart han tilsett som vaktmeister.

Til det første kullet på handelsskolen møtte 28 elevar. Dei hadde det nok både primitivt og trongt, men så vidt vi kan skjøna fann dei både trivnad og lærdom i den gamle Villaen frå Sundt si tid – og på Låven. I den gamle låvebygningen med klokketårn på taket vart det innreia rom til både elevar og personale. «Vi syntest det var blitt riktig flott», skriv Sigurd Bergheim i eit tilbakeblikk frå 1979.

Søndag 14. januar 1962 var ein høgtids- og glede-dag for misjonsfolket, skriv Ingvald Mørk, som var krunssekretær i pionertida, og som etter han vart

pensjonist gjorde ein årelang og trufast innsats med alle slags praktisk arbeid på staden som både han og resten av misjonsfolket vart så glade i. Grunnen til gleda denne januardagen? Det var opningsfest for første elevkull. Misjonssekretær Gabriel Eikli som tala på opningsfesten, uttrykte ønske om at Kongshaug måtte bli ein stad der norsk ungdom kunne koma og få livsgåta løyst og finna meininga med livet.

Byggenemnda fekk snart større oppgåver enn å rusta opp Villaen og innreia rom i Låven. Skulle den nye skolen få ei framtid, måtte ein så raskt som råd var koma i gang med utbygging. Alt i 1962 vart internatbygningen Austheim reist, og i tiårsbolken fram til 1971 vart det bygt mest kontinuerleg. Endringane på tunet var store, men gjennom alt utbyggingsarbeidet vart det lagt stor vekt på å ta vare på så mykje som råd av det praktfulle parkanlegget.

#### MUSIKK OG FORMINGSFAG

Undervisningsplanane er blitt reviderte og omarbeidde mange gonger gjennom dei 28 åra det er drive skole på Kongshaug. Då handelsskolen vart avvikla etter 2 1/2 år, fekk ein likevel ein viss kontinuitet ved at det vart starta handelslinje på den nye folkehøgskolen.

Elles fekk dei estetiske faga tidleg ein brei plass på timeplanen. Frå 1965 vart det gjeve undervisning i musikkfag. Gjennom meir enn 20 år gjorde Bjørg Borge ein uvanleg stor innsats for å byggja opp musikklinja som etter kvart er blitt Kongshaugs særlege varemerke. Eiga formingslinje kom til frå 1972, men då hadde Aanund Brekke alt lagt eit godt grunnlag gjennom dei tre åra han var knytta til skolen som timelærer. Brekke kom til Kongshaug etter at han nådde aldersgrensa som rektor på Nore Neset – og opplevde at det kan vera verdfullt å gjera ein innsats også etter vanleg pensjonsalder. «– ei tid så rik og gjevande at eg vil hugsa dykk lenge», skreiv han i ei helsing til Kongshaugbladet i desember 1971, og la til: «Det var slik ein triveleg, kameratsleg tone i samværet med Dykk». Den tonen gjorde nok Brekke sjølv mykje for å skapa. Fleire gonger snakka Aanund Brekke om at



*Mykje har skjedd i skoletunet på Kongshaug etter at Misjonsambandet overtok eigedommen i 1960, men den gamle Villaen ligg framleis høgt og fritt, og fangar blikket hjå alle som kjem inn porten.*

han gledde seg over å vera attende i den kristne folkehøgskolen. Det var eit skoleslag han kjende, frå 10 års arbeid ved Birkeland Folkehøgskole på Sørlandet.

Keramikaren Atle Haugland og biletkunstnaren Greta Rimington heldt fram med formingsundervisninga på Kongshaug, og utvida faget til eiga linje frå 1972. Seinare kom Norman Hunshamar til og var med og bygde ut ei allsidig formingslinje.

På 70-talet kom det særleg mange elevar til sosiallinja, og frå midt på 60-talet vart det undervist i Bibel- og misjonsfag. Både i undervisninga, i skolekvardagen og ved ulike tilstellingar vart det heilt frå starten lagt vekt på ein nær kontakt mellom skolen og misjonen. Med Misjonssambandet som skoleeigar vart dette ein naturleg og god vekselverknad. Gjennom åra har også mange misjonærar vore knytta til skolen som lærarar, i kortare eller lengre periodar. År om anna var det også ein del elevar som møtte misjonskallet på Kongshaug, og etter fullført utdanning fekk dei livsoppgåva si på ulike kontinent.

#### KARAKTERDANNING

Den jamne undervisninga har sjølvsagt vore viktig ved Kongshaug som ved andre skolar. Men i tillegg var dei mange vitjingane med og gjorde folkehøgskoleåret til noko ekstra. Odd Håvardstun som var elevrådsformann i 1969-70, uttrykkjer dette slik: «Året gleid framover, og vi tok til oss av rike skattar. Det hende alltid noko ved skulen, den vart aldri einsformig. Vi fekk stadig frisk vind utanfrå ved dei mange vitjingane. Og den jamne undervisninga klarte å leva i ei stadig fornyande og nytenkande ånd. Særleg sette vi elevane pris på den ukonvensjonelle og kameratslege tonen i klassen og elles i fritida».

Det var så mange slag impulsar ein kunne få gjennom dei ulike vitjingane. Eitt år les vi at desse var innom: Helge Birkeland, Jens Harald Bratlie, Kjetil Bjørnstad, Kjersti Birkeland, Vera Dahlen og Arne Grimstad.



*Vi syntest det var riktig flott, skriv Sigurd Bergheim om internatromma som vart innreia i den gamle Låven med klokke-tårn på taket. Det er nok lenge sidan nokon tykte desse romma var særleg flotte, og Låven blir ikkje lenger nytta som elevinternat.*

Fag var viktig, men folkehøgskolen har ei målsetting som går langt ut over rein kunnskapstileigning. Jarl Steinhovden som var lærar på Kongshaug først på 70-talet, før han fekk si neste oppgåve i Etiopia, uttrykte dette slik i 1972: «Forminga av karakter og personlegdom er brennaktuelt i dag. Vi har fått det godt, vi lever i ei overflodstid. I denne tida treng vi meir enn før personlegdoms- og karakterdanning – eit vern om det som er byggjande og godt».



*Eit lite landemerke når ein kjem inn fjorden og nærmar seg Kongshaug: Det gamle badehuset. Og frå Badehuset til Nautstet buktar Strandpromenaden seg.*

#### ALLSIDIG VOKSTER

Professor Helge Mæhlum var inne på det same då han tala ved opningsfesten hausten 1979. Han ønskte dei nye elevane velkomne til allsidig vokster. «Du veks allsidig når voksteren gjeld både det menneskelege og det åndelege», sa Mæhlum. Denne voksteren konkretiserte han så som ein vokster der ein opnar seg for nye verdiar, der ansvarskjensla aukar og blir meir målretta, der ein får meir omtanke for andre og blir meir trufast – og ikkje minst ein vokster der ein blir meir trygg og glad. Dette siste punktet formulerte Mæhlum slik: «Du treng ein god vokster ved at du vert trygg og glad. Ein finn ofte på så mykje tull når ein går og er utrygg på alt og alle. Stol på at dei som arbeider på skulen her, vil deg vel og synest godt om deg. Du treng ikkje å gå på torget og kjøpa deg lange, svaiande hanefjør, treng ikkje spjåka deg til, blåse deg opp. Å, nei: fall heller til ro og ver deg sjølv, naturleg. Du skal ikkje plent vera som andre, du er skapt litt annleis, har røynt andre ting enn dei. Det er viktig at du ikkje brukar opp energi på å spela ein annan enn den du er. Du kan bli trygg og glad, du kan få oppleva at dei andre synest om deg og synest det er gildt å vera i lag med deg».

Til den allsidige voksteren høyrer også den åndelege, kristelege vokster. Om den tala professor Mæhlum i siste del av velkomsthelsinga si til elevane.

Vi vil la Lars Haugland få siste ordet i dette vesle streiftoget i Kongshaugs historie. Ved 20-årsjubi-

léet i 1982 hadde Annbjørg Barane eit intervju med han. Før vi gjev ordet til vaktmeisteren, lyt vi nemna at Annbjørg Barane også høyrer til mellom dei trufaste på Kongshaug. Ho kom til skolen som lærar i 1969 og vart verande her i 17 år, dei siste som rektor.

Kva meiner du om den kristne folkehøgskolen, er eit av spørsmåla ho stilte Lars Haugland, og svaret lydde slik:

«Eg ser meir og meir positivt på dette skoleslaget di lenger eg er her. Ungdomane får med seg så

mykje godt. Det ser ut for at så mykje negativt får tak i samfunnet vårt, og trengjer seg inn på oss. Difor meiner eg at det vert stor bruk for det positive som den kristne folkehøgskolen har å gi, også i framtida. Eg har møtt mange som har gått ein kristen folkehøgskolen for lenge siden. Mange av dei ber med seg noko medmenneskeleg og godt, dei syner omsorg og ansvar for andre, dei har evne til å tenkja sjølvstendig, diskutera og å akseptera andre».



*Etter kvart som nye bygningar er reiste, er det lagt stor vekt på å ta vare på og byggja ut det vakre parkanlegget.*



# OS MÅLLAG

SKIPÅ 1920

*Styret:*

*Leiar: Anne Margrethe Hjemdal*

*Nestleiar: Brynhild Enerhaug*

*Kasserar: Wanda Aarseth*

*Studieleiar: Målfrid Tveit Vaage*

*Skrivar: Johannes Bolstad*

***Bli medlem du òg.***

***Ta kontakt med eit av styremedlemene.***

**ØIERNES  
HANDELSFORENING**

Telefon 3054 10

# BOKPRAT MED EIN BOKMANN

Av Henning Henriksen

---

**Harald Olsen Mardal er ein kjend mann i «Bybilette» på Osøyro. At han som bokhandlar også er ein «Lesehest» viser denne artikkelen i rikt mon.**

---

Når me høyrer namnet M. K. Olsens bokhandel, vil nok dei aller fleste osingar straks tenkja på mannen bak namnet: *HARALD MARDAL*.

Han er fødd på Tysnes for 85 år sidan, men kom som smågut til Os, der far hans bygde opp ei allsidig handelsverksemd. Her har så Harald Mardal drive handel til han var langt over dei 70.

Når me sit i stova hans ute på Storhaugen, slår det meg at her er det verkeleg høgt under taket i meir enn ei meining. Eg ser opp mot sperrene, og eg tenkjer at det er òg høgt under taket hos Mardal.

Han har vidfemnande interesser og har lese reint utruleg mykje. Han fortel at han har hatt det som prinsipp at han aldri skulle setja ei ulesen bok på fast plass i bokhylla. «Ja, sjølv sagt gjeld ikkje dette leksika og andre oppslagsverk», legg han til med ein lun smil.

## IKKJE EI ULESEN BOK

For nokre år sidan kom han på at han likevel hadde ei ulesen bok ståande i hylla – den gamle familiebibelen. Dette måtte han retta på, og han sette straks i gang med å lesa 1. Mosebok. Etter to månader var familiebibelen utlesen. Eg spør om det var noko der han hadde lagt særskilt merke til. «Ja,» seier han, «det var svært interessant å sjå kor mange visdomsord eg fann hos dei tolv små profetane». Ellers syntest han der var fleire harde og skræmmande skildringar av straffemåtar og lemlesting i Mosebøkene og Kongebøkene.

«No held eg forresten på med den omtalte og omstridde boka av Rushdie, «*Sataniske vers*», skyt han inn. «Eg har berre såvidt teke til med lesinga, men det ser ut til å vera ei bok utanom det vanlege, og det er nok ikkje så rart at ei slik bok er omstridd».

## IVRIG HISTORIELESAR

Harald Mardal har alltid likt å lesa historie, og han har samla på lokallistoriske hefte både frå Os og frå Sømna på Helgeland der begge foreldra hans kom i frå.

Noko av det finaste han har lese av historiske bøker er Sverresoga. Han synest at boka teiknar eit så skarpt og klårt bilete av ein som utan tvil var skapt til å styra endå om historikarane ikkje alltid har vore einige om han var kongsson. «Heimskringla» av Snorre Sturlason har han alltid sett stor pris på, og dette er ei bok han ofte har vendt attende til.

Mardal tek ein tur bort til bokhylla og kjem att berande på ei stor bok i staseleg innbinding. Det er «Den guddommelige komedie» av den italienske renessansediktaren Dante i dansk omsetjing. «Dette var ei tung bok å lesa», seier han, «men eg greidde no å koma igjennom heile, og det slo meg kor rikt ordforråd Dante hadde». Ja, det er typisk for Harald Mardal at han aldri legg frå seg ei bok, om ho er aldri så vanskeleg, før han har lese henne ut.

## NORSK LITTERATUR

Me forlet no dei store verka og pratar om norsk litteratur. Ein av yndlingforfattarane hans er Sigurd Christiansen. Dei fleste av oss kjenner kanskje berre kriminalromanen «To levende og en død» av denne forfattaren, men det er trilogien om Jørgen Wendt Harald Mardal er mest glad i. Han syntes denne utviklingsromanen var så fengslende at det var vanskeleg å leggja bøkene frå seg.

Det er mange bøker som har gripe han så sterkt at han ikkje kunne leggja dei bort før dei var utlesne. Såleis fortel han at ein kveld han hadde tenkt seg på kino, greidde han ikkje å lausriva seg frå «Arne» av Bjørnson. «Eg måtte sjå korleis det gjekk med Arne, så fekk det heller våga seg med kinoen», seier han.

Ein serie som greip han sterkt, var bøkene av Trygve Gulbrandsen frå dei store Østerdalsskogene. Desse bøkene som vart bestseljarar ute i den store verda, men som vart lite påakta her heime, kom ut i 1930-åra. Dei høyrer med blant dei kjæreste bøkene hans. Særleg godt minnest han møtet mellom kjempa Gammel-Dag og Mekkal Hogger i «Ingen vei går utenom», den siste boka i serien.

## KNUT HAMSUN og JOHANNES HEGGLAND

«Det var synd med Knut Hamsun», seier han brått. «Om han svikta som menneske under krigen, så er likevel det han har skriva like verdfullt. Eg har sett «Landstrykere» og den eventyrlege personen August aller høgast av det Hamsun har skriva, og eg synest det er sørgeleg når denne idérike og tiltakslystne mannen til sist «druknar» i eit hav av sine egne sauer».

Då eg spør om det er nyare norske bøker han set pris på, nemner han først debutboka «Folk under fjell» av Johannes Heggland. «Det var verkeleg ei stor bok med mange gode menneske- og miljøskildringar», seier han, «og eg har sjeldan lese så gode barne- og ungdomsbøker som seriane av Johannes Heggland».

## UTRULEG BESTSELJAR

Mardal synest det er utruleg kva bøker som i blant kan verta bestseljarar. Som døme på dette



peikar han på «Vi som går kjøkkenveien» av Sigrid Boo. Han finn det nærast ufattelleg at ei så overflattisk og inkjeseiande bok kunne verta så populær i 30-åra, men lurar på om det kanskje var dei fornøyelege episodane som fekk folk til å kjøpa boka. Dei andre bøkene hennar: «Selv i tider som disse» og «Alle tenker på sig, det er bare jeg som tenker på mig» var etter hans meining endå svakare, og dei kom heller ikkje i så stort opplag.

#### NOBELPRISVINNARAR

Eg spør om det er utanlandske bøker han har sett særskilt stor pris på, og han dreg straks fram dei tyske forfattarane Hans Fallada og Thomas Mann. Av Fallada likte han best «I en ulvetid» som han karakteriserte som eit meisterverk. «Trollfjellet» av Mann gjorde særleg sterkt inntrykk på han gjennom skildringane av ulike generasjonar og tilhøve mellom dei. «Men lat meg ikkje gløyma to av dei finaste seriane eg har lese», bryt han av «middelalderromanane av Sigrid Undset og «Forsythesagaen» av John Galsworthy. Det er ikkje rart at dei fekk Nobelprisen for slike bøker».

#### FRÅ FORTID OG NOTID

Firmaet M. K. Olsen vart oppteke i Bokhandlerforeningen i 1930, men hadde då i fleire år selt bøker, særleg skulebøker, i kommisjon for Lundes forlag og bokhandel i Bergen. «Det kom av at far og A. O. Lunde var så gode venner», fortel Harald

Mardal som forresten budde hos bokhandlar Lunde då han gjekk på middelskulen i Bergen.

«Ja, det var andre prisar den gongen me tok til å selja skulebøker og skulemateriell», opplyser han. «Ein penn kosta såleis 1 øre, anten det var av den beine eller den skeive typen, og i 1930 kosta ei skulesalmebok berre kr. 3,60. Boksålet har likevel auka sterkt etter den siste verdenskrigen, og me har fått heilt andre kundegrupper. Før krigen var det såleis svært få handverkarar og vanlege arbeidsfolk som såg seg råd til å kjøpa bøker».

I dag er det slik at folk frå alle samfunnslag kjøper bøker, og den boka som har vorte mest seld til osingar er «Det regner i fjellet» av Arnfinn Haga. Over 700 eksemplar vart selde hos M. K. Olsen, så Mardal meiner at dette var ei bok midt i blinken for osingane, og ei bok som han sjølv har lese med stor interesse.

I kundekrinsen sin har han òg hatt mange bergensarar som har hatt feriebusstaden sin i Osbygda. Særleg hugsar han at då Johan Ludvig Mowinckel var statsminister, budde han som oftast på Moldegård i feriane, og i juleferien kjøpte han gjerne bøker her, for han hadde mange venner som skulle ha julegåver, og han var nok klår over at «Bøker er den beste julegåva».

Me sluttar bokpraten vår med at han tilstår at då han som liten gut las «Onkel Toms hytte», så silte tårane.

Ei kosetund er over. Eg har hatt ein lang og god bokprat med ein verkeleg bokmann.



Foto: Arne Aarseth.

Harald Olsen Mardal ved litt av boksamlinga si.

Med ein grov tusj penn,  
av dei første merkepennane  
med filtpiss som kom på  
marknaden, teikna  
Sigurd Bugge raske  
skisser av gjester i Kafé  
Intim.

## Modell for Sigurd Bugge

Av Bernt Kristiansen



Blikket var brunt og intenst. Med ein grov merke-tusj penn teikna Sigurd Bugge raskt og presist portrettet mitt, men det kjendest mest som psykoanalyse. For han såg djupt. Han såg *sjel*. Og eg kjende meg ikkje viss på at sjela mi - blyg som ho var - burde synast fram.

Tre-fire minutt tok det. Jaså. Er det slik eg ser ut? Er det slik eg er?

Sidan skulle tusj penn bytast med penslar og måling, papiret bytast med lerret. Då flytta vi frå Kafé Intim i kjellaren og opp i stova i labyrinthuset ved Oselva. Kunstnaren sette seg ved staffeliet. Gutungen på femten-seksten var forstokka stiv i alle musklar, men vart roa ned på ein pinnestol og omgjort til motiv. Same intense blikket. Same raske arbeidet. Men det lukta terpentin og det anda fred. Eit portrett i olje tek noko lengre tid enn ei skisse i tusj.

Øktene vart avløyste av pausar, sjølv sagt. Då skulle Sigurd Bugge ha ein røyk, han skulle sitja ytst på stolkanten med olbogane støtta på knea og sigaretten peikande rett fram frå eit merkeleg grep mellom tommel og peikefinger, som om det var penselen han framleis heldt i handa. «Motivet» kunne strekkja seg og lea opp att stivna musklar, men kunne ikkje slappa av. For Bugge'n skulle samtala. Og det skulle ikkje vera laust prat om vêr og vind, men om alt anna. Han måtte prøva om guten hadde «hovud» og om han brukte det. Om han til dømes kjende nokolunde til dei gamle greske filosofane, eller til kunstnarane i renessansen, om han forstod matematikk og språk. På ingen måte fekk samtalen form av eksaminasjon. Nei. Bugge'n stilte spørsmål, rettleidde og kontrollerte, men kunne òg takka ja til ein

ny, ungdomleg tanke – om noko slikt skulle dukka opp.

Sigurd Bugge var eit merkeleg menneske. Altetande i interesse, fullstappa i kunnskap og evner. Han snakka tolv språk, han var muskar, instrumentbyggjar, biletkunstnar og mykje meir, men levde eit omskifteleg liv frå han starta som handelsdreng til han vart kafévert heime. Han hadde mange rike dagar, men ikkje alle var lukkelege.

Ein gut som sjølv brukte mykje av tida si med blyanten, og som lett vart oppglødd av teikning, kunne undra seg over at Sigurd Bugge ikkje for lenge sidan var løfta opp mellom dei nasjonale kunstnarane. Det var då der han hørde heime. Tusen bilete av Oselvo med alle dei skifte av lys du kan tenkja deg, frå det mjukt gråmelerte til det skimrande og fargesprakande. Hundrevis av portrett. Eit kunstverk kvar dag i den perioden då han arbeidde best. Kvifor var ikkje *han* på utstilling, kvifor skreiv dei ikkje om *han*?

«Eg er ein fuskar i mange fag.» Sa Bugge'n. Med det meinte han vel at han hadde for mange interesser, at han ikkje kunne konsentrera seg nok om det eine eller andre, men måtte gjera litt av alt. Javel. Men eg trur ikkje heilt på det. For etter mi meining var han eit nummer større enn dei fleste andre samtidige norske kunstnarane, sjølv om han gjorde fleire ting på same tid.

Lat det vera som det vil. Det viktigaste for meg - den gongen og no - er at mannen i den ombygde elvebua var der. Han var ein smak av høgkulturen, plassert ute i provin-sen.

Penselen dansa over lerretet. Blikket var brunt og intenst. Han hadde verda inne i hovudet.

# Målbyte i skulane i Os

1909 - 1931

Av Åsmund Lien

---

***I dag vert Hordaland sett på som eit fylke der nynorsk skulemål har lange og sterke tradisjonar på bygdene. Samanlikna med mykje av landet elles er det også eit rett inntrykk, men sett i historisk perspektiv er nynorsken si søge som skulemål eit stutt kapittel, og kan enno ikkje skrivast attende meir enn knapt 100 år.***

---

Det lange norske hopehavet med Danmark, saman med andre historiske faktorar, førde til at det gamle norske skriftmålet døydde ut, og dansk vart einaste skriftmålet i Noreg.

Men om det norske skriftmålet vart borte, så levde det norske språket vidare i talemålet. For folk flest var det talemålet – dialekten – som var SPRÅKET. Dei skreiv lite og las lite, og dialektane overlevde dansketida så godt som upåverka av det danske språket.

Det var først frå 1850 og utover, etter at Ivar Aasen hadde gjeve det norske talemålet ei skriftform, at ein fekk eit norsk alternativ til dansk skriftmål i Noreg.

Då tok den norske målstriden til. Det vart ein lang og seig kamp, med mykje motstand m.a. frå embetsfolk, og mykje av denne striden kom til å dreia seg om det norske språket sin plass i skulen. (I det følgjande vil eg bruka nemninga «nynorsk», sjølv om dette først i 1929 vart vedteke som offisielt namn på språket).

Med dansk skriftmål og norsk talemål fekk sjølv-sagt lærarane eit stort problem: Skuleborna kunne ikkje læra skriftmålet som eit skriftleg uttrykk for talemålet, dei måtte læra det som eit nytt språk. Såleis var det naturleg at det vart lærarane som kom til å gå i spissen for eit norsk skriftmål i skulen.

I ei fråsegn frå «Lærermøde for Toten og Hedemarken» i 1853 heiter det m.a.: «Forsamlingen erkjendte, at vort Bogsprogs Unorskhed lægger en stor Hindring i Veien for Oplysningens Fremme blandt Menigmand. Thi skal Barnet bringes til at forstaa, hvad det læser, maa man saa at sige oversætte det næsten hvert andet Ord». (Haugland 1971: 96f). Ut gjennom 1850 og 1860 åra kom det mange liknande fråsegner frå lærarmøte kringom. Det var naturleg nok lærarane om såg problemet tydelegast, og lærarane vart såleis den drivande krafta i skulemålstriden heilt frå byrjinga av.

## FRÅ STORTINGET TIL KRINSEN

Første fase i striden kring skulemålet vart av-

slutta i 1892. Då kom følgjande formulering inn i folkeskulelova: «Skolestyret bestemmer, om skolens læse- og lærebøker skal være avfattet paa landsmaal eller i det almindelige bokmaal, og i hvilket av disse maal elevernes skriftlige arbeider i almindelighet skal være avfattet». Dermed skifte målstriden karakter, frå å vera ein sentral strid om juridiske rettar som vart avgjort i Stortinget, til å verta ein lokal strid om kva opplæringsmål ein skulle velja i kvar skulekrins.

Første gongen ein finn spor av målstrid i Os, er i desember 1896. Då er spørsmålet om å ta i bruk Rolfsens lesebok, landsmålsutgåva, drøfta i fleire krinsmøte i Os. I referat frå «Kredsmøde i Os Kreds» 28. desember dette året heiter det at etter framlegg frå «en af de Mødende (...)» udtalte Mødet at Rolfsens Lesebog ikke bør indføres i Skolen, da man især havde imod Landsmaalets Brug i Skolen».

Om lag samstundes var saka opp til drøfting i Drange skulekrins, der «Kredsens Husfædre udtalede sig imod» Rolfsens lesebok, og i Lysefjorden og på Søfteland der «husfædrene» gjekk inn for å ta boka i bruk.

Dette var likevel berre forpostfektingar, for det å innføra landsmålsutgåva av Rolfsens lesebok var ingen språkleg revolusjon. Det innebar berre at borna fekk lest eit minimum på nynorsk i skulen. Den eigentlege målstriden galdt opplæringsmålet i skulen, og den må me fram til 1908 for å finna noko om i Os.

I juni 1908 møtte lærar Johan Austbø i skulestyret og innleidde til ordskifte om målsprørsmålet, og han tok til ordet for å innføra nynorsken i skulen. Då hadde nok spørsmålet alt vore drøfta i Hegglandsdalen, for Austbø viser til ei fråsegn frå denne krinsen om «Ønskeligheden av Landsmaalet ved Skriftlige Arbeider», og søknad om bibelsøge på nynorsk.

Johan Austbø var lærar i Søre Øyane, og det er nok ikkje tilfeldig at det alt i januar året etter (1909) låg føre ein søknad til skulestyret om å få ta i bruk nynorsk i Søre Øyane. Skulestyret av slo denne søknaden.

## HEGGLANDSDALEN FØRST UTE

I Hegglandsdalen vart Olav Skorpen lærar i 1905. Han tok straks til å bruka nynorsken i skulen på eige initiativ. (Myking 1981: 103). Skorpen arbeidde også gjennom ungdomslaget, der han heldt «målskeid» og lærde ungdomane å skriva nynorsk. Ungdomslaget i Hegglandsdalen vart i det heile ei sterk kraft for nynorsken i krinsen. Frå



*Olav Skorpen, lærar ved Hegglandsdalen skule 1905 - 1947.*

1905 og utover er dei fleste stykka i det handskrivne bladet «Dølen» skrivne på nynorsk, og det må folk ha lært seg i ungdomslaget, eller på eiga hand.

I august 1909 gjorde eit krinsmøte i Hegglandsdalen dette vedtaket: «Den skriftlige undervisning ønskes fra høsten i Hegglandsdalen at blive givet paa landsmaal». Stemninga i Hegglandsdalen var heilt klår, og det visste nok skulestyret. Trass i det negative vedtaket dei gjorde som galdt Søre Øyane tidlegare på året, godtok no skulestyret vedtaket i Hegglandsdalen.

Overtilsynet (skuledirektøren) derimot kravde nytt møte på formelt grunnlag: Olav Skorpen hadde nemleg styrt krinsmøtet i staden for krinsformannen, etter at han hadde byrja møtet med eit agitasjonsforedrag! (Myking 1981: 105). Etter det ein kan sjå vart det ikkje halde noko nytt møte, og Hegglandsdalen hadde dermed som første krinsen i Os innført nynorsk i skulen.

#### DEI ANDRE KRINSANE KOM ETTER

I 1912 kom Lønningdal etter. Det kan sjå ut som det her har gått smertefritt for seg, for det einaste ein finn om dette er eit stutt vedtak i skulestyret, der det vert vist til at «kredsens stemmeberettigede ønsker denne forandring vedtat».

Den neste krinsen som tok til å røra på seg var Søfteland. I januar 1918 hadde skulestyret føre ein søknad frå 13 «husfædre» på Søfteland om å få nynorsk i skulen. Skulestyret sende saka attende til krinsen, der framlegget på krinsmøtet vart nedstemt med 46 mot 22 røyster.

Også her er det god grunn til å tru at læraren stod sentralt. Johan Myrtveit kom som lærar til Søfteland i 1915, og han var ivrig målmann. Det er

neppe tilfeldig at spørsmålet om nynorsk i skulen dukkar opp eit par år seinare.

Og lærarane gjekk vidare. Seinare på året (1918) la Daniel Grindevoll, på vegner av lærarlaget, fram eit framlegg i skulestyret om at ABC og den første leseboka skulle vera på nynorsk. I første omgang ser det ikkje ut til å ha skjedd noko meir med dette.

Frå 1919 får spørsmålet om målet i skulen i Os ei ny vending. Møteboka for skulestyret 24. juni dette året er for første gong skriven på nynorsk, og i same møtet tok skulestyret sjølv opp måls spørsmålet, og «bed krinsane segja si mening um den skriftlege opplæringi skal vera på landsmaal eller riksmaal».

At målet med dette var å få nynorsk inn i alle krinsane er heilt tydeleg: Det var berre i bokmålskrinsane det vart halde røystring. Det er tydelig at stemninga i skulestyret hadde endra seg totalt sidan søknaden om nynorsk i Søre Øyane vart avvist i 1909.

Alt i september same året ligg røysteresultata frå krinsane føre. Då har nynorsken fått fleirtal i Søre Øyane, Nore Øyane, Søre Neset og Lysekloster. På Søfteland var det halde to røystringar. Første røystringa gav fleirtal for nynorsken, medan resultatet frå andre røystringa var 54 for bokmål og 1 røyst (!) for nynorsk. På Nore Neset vann bokmålet med ei røyst overvekt, og i Os-krinsen vart bokmålsfleirtalet så klårt som 89 mot 13.

Skulestyret gjorde vedtak om å innføra nynorsken i alle krinsane utanom Os-krinsen.

Det er grunn til å sjå litt nærare på røystringane på Søfteland. Sidan det har vore to røystringar, må det ha vore formelle feil ved den første. Det er også rimeleg at striden her har vore hardare enn andre



*Johan Myrtveit, lærar ved Søfteland skule 1915 - 1948.*

stader, sidan det berre var eitt år sidan det siste var røysting. Resultatet frå den andre røysting viser at nynorskfolket her brukte same taktikken som mange andre stader der dei kunne lita på skulestyret: Dei boikotta røystinga (berre 1 røyst). Regelen etter 1915 var nemleg slik at skulestyret berre var bunde av resultatet frå kringrøystinga dersom minst 2/3 av dei røysteføre hadde røysta.

#### GODT ORGANISERT

Arbeidet for nynorsk i skulen var godt organisert på Vestlandet. Det Vestlandske Målkontor hadde ein finger med i det meste som skjedde på denne fronten frå 1911 og fram til andre verdskrigen, først og fremst ved å organisera «talarferder» kringom i krinsane der det skulle vera røysting.

Såleis tala presten Elias Melvær i alle bokmålskrinsane i Os i 1919, og Olav Skorpen vende seg til Det Vestlandske Målkontor for å få hjelp til å sikra at nynorsken vann røystingane. Frå denne brevvekslinga mellom Skorpen og målkontoret går det fram at Skorpen tok fri frå skulen i fire dagar for å reisa rundet i krinsane og agitera for nynorsk. (Myking 1981: 89).

#### STRIDEN I OS-KRINSEN

No stod berre Os-krinsen att med bokmål. Røysteresultatet frå 1919 bar bod om at det var eit stykke att før nynorsken kunne vinna der, men ein ser teikn på at tida endra seg også i sentrum. Frå 1925 er møteboka for kringsmøta stort sett førd på nynorsk, og i 1931 meinte nynorskfolka dei hadde venta lenge nok. Då skreiv 134 røysteføre under på søknad om å få nynorsk som hovudmål i Os krins.

Røystinga som følgde gav som resultat at bokmålet vann med 220 mot 189 røyster, men resultatet var ikkje bindande for skulestyret.

Då saka vart lagd fram til avgjerd i skulestyret, låg det ved eit skriv frå krinsformannen, der han opplyser at «det er 116 foreldre med born i krinsen. Av desse har 67 med eit barnetal av 138 kravt nynorsk, 49 med 74 born har ikkje skrive under og reknast til bokmål».

Med denne måten å rekna på vart det likevel fleirtal for nynorsk, sjølv om røysteresultatet viste noko anna.

Skulestyret var nok no innstilt på at skulemålsstriden var ført til endes. Det tok denne argumentasjonen for god fisk, og med 11 mot 2 røyster vart det vedteke å innføra nynorsk i Os krins.

Dei to som røysta mot var prosten og distriktslækjaren. Dei fekk ført til protokolls ein protest «i anledning den i skulestyret nu fattede beslutning vedkommende målformen i Os skole». Protesten, som gjekk på formelle sider ved røystinga, gjekk til departementet, men departementet godkjende vedtaket. Dermed var målbytet gjennomført i heile Os.

#### TYPISK UTVIKLING

Soga om målbyte i skulane i Os ber i seg mange trekk som var typiske for bygdene i Hordaland, og



*Daniel Grindevoll, lærar ved Os skule 1912 - 1956.*

mykje av landet elles. Mykje av overgangen til nynorsk skjedde i tre stutte periodar, alle i samband med rettskrivingsendringar: I 1908 - 1909, i 1918 - 1919 og 1938 - 1939. I Hordaland var framgangen særleg sterk i dei to første av desse periodane. Både Hegglandsdalen (1909) og dei seks krinsane i 1919 fell heilt inn i dette mønsteret.

Det at sentrumskrinsen vart ståande att ei tid etter dei hine, er også typisk. Stasjonsbyen / bygdebyen hadde eit meir urbant preg enn bygdene ikring, og nynorsken var gjerne oppfatta som eit «bondemål». Det fell også godt inn i mønsteret at det skulle vera nett prosten og distriktslækjaren som skulle røysta mot nynorskvedtaket i Os krins. Dei kan i denne samanhengen stå som representantar for embetsstanden og dei kondisjonerte på bygdene, og frå den kanten møtte ein alltid den sikraste motstanden mot nynorsken.

Ikkje minst var lærarane si sentrale rolle i skulemålsstriden eit svært typisk trekk. Den rolla dei spela kan knapt overvurderast. «Meir enn nokon hadde lærarane gjort seg til talsmenn for dei mest vidtgåande krava. Ein kunne med god grunn gjera det motlegget at kravet om å atterreisa det norske landsmålet stod mykje mindre sterkt ute i folket enn mellom lærarane; det var ikkje noko folkekrav», hevdar Vemund Skard (Skard 1972: 9f).

Lærarane var ofte idealistar, dei såg på seg sjølv som folkeopplysarar, og dei hadde ein viss autoritet i bygdesamfunnet. Mange henta god ballast som målfolk frå dei sterke målmiljøa som tidleg voks fram på lærarskulane, og det var dessutan lærarane som først og fremst kjende problemet på kroppen:

Dei skulle læra borna å skriva.

Det er nemnt at Olav Skorpen nærast innførde nynorsk privat «før tida» i Hegglandsdalen. Eg held det for svært rimeleg at Johan Austbø, og Hans Bøthun som kom etter han i Søre Øyane gjorde det same, og likeeins Johan Myrtveit på Søfteland. Mest truleg skjedde det også andre stader, i større og mindre grad. Dette var heller ikkje uvanleg elles i landet. Eg vil tru at dette meir vart sett på som god pedagogikk, enn at ein gjorde noko ulovleg.

Nokre lærarar er nemnde, og fleire kunne det vore. Sikkert er det i alle høve at utan lærarane sin innsats for nynorsk skulemål, så hadde ikkje målbyte i Os kome på den tid det kom.

*Kjelder:*

Haugland 1971: Kjell Haugland: Målpolitiske dokument 1864 - 1885. Oslo 1971.

Myking 1981: Johan Myking: Språk og stril. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Bergen 1981.

Skard 1972: Vemund Skard: Frå Dølen til Fedraheimen. Oslo 1972.

Protokoll for Os skulestyre.

Protokollar for krinsmøta i Søfteland, Lysefjorden, Drange, Os, Klyva, Hegglandsdalen og Lønningdal krinsar.



*Hans Bothun, lærar ved Søre Øyane skule 1915 - 1941.*

## *Tommelfingerregel*

*Av Bernt Kristiansen*

To halvaksne gutar sku' prøva sitt mot  
tett over ei rot  
– om kvelden.  
Dei var væpna med øksar og glødde av kiv.  
Dei kunne ta liv...


Per la ein tommel på rota og skraut:  
«Er du like kaut?»  
Det var han.  
To eggjarn vart løfta og augnekast kvest  
– her stod ingen til rest.


«Eg held om du høgg» og «eg høgg om du held.»  
To stål i ein smell!  
Der stod dei.  
Lars tok ein tommel frå Per; Per ein frå Lars.  
Dei var jamne til kars.

Dei krøpla kvarandre til nifingers menn,  
og nerver i spenn  
vart roa.  
Men verre enn hauk over hauk – slik privat  
– er stat over stat.

Amerika trugar med lov og med segl  
den russiske negl  
– og omvendt.  
Som tomlar ligg vi der på stubben i lag  
før atom-domedag.

Høyr russar og yankee: Gå heim att og lær  
av Lars og av Per  
som angrar:  
Ein tommel kan tapast,  
det vedgår dei stilt,  
men hogget gjer ilt...





# ASKEBEGERET

Novelle av ELSE KARIN BUKKØY

*Kvitt askebeger – reint. Han hadde flytta det så varsamt – askebegeret – då han bretta ut avisa fyrste gongen. Lyfte det igjen. Heldt det i handa – før han sette det ned igjen. På same staden. Dei kunstige blomane puffa han ut or bildet. Tommel og peikefingar hadde jaga sidene – til nest siste side. Her stoppa arbeidet. Rørsla. Augo som lyfte seg. Den forte gleda.*

*Han vrir seg på stolen. Så lite at det ikkje uroar. Overkroppen er tung i bildet. I svart t-skjorte. Hovudet framoverbøygd – over avisa – over programoversikten. Eine kneet tett opp under bordplata. Det andre er vridd utanom bordbeinet. Håret er langt i panna – mørkt og stritt. Eine handa i eit grep kring nakken. Andre handa flat mot bordplata. Berre av og til prøver fingrane reise handflata opp. Små rørsler. Musklane i den nakne overarmen. Klokka. Kaffikoppen.*

*Kaffikoppen er tom. Tre gonger har han gløymt det. Klokka kring armen er svart i svart reim. Han ser ofte på urskiva. Små rørsler i bildet.*

*Matta rett innom døra – brun matte med stive buster-fin til å samla stein og sand frå føter som trør. Stive buster tek det som kjem. Spør ikkje etter namn. Skjønar ikkje tida.*

*Bildet har berre augo no – har hengt seg opp nede ved døra. Trekker seg motvilleg mot klokka – før dei svart hiv seg tilbake dit. Einkvan trør over matta.*

*Knea samlar seg under bordet. Leggene loddrette – trør seg ned i grå joggeskor. Hovudet reiser seg. Ryggen mot stolryggen. Armane sterke – støtter seg til bordkanten. Brått grip han om askebegeret. Med all kraft kastar han det i golvet. Reiser seg og går.*

# BARNESIDER

av elevar ved Søre Øyane skule.

## VITSAR:

Ola: Kelnar, denne kaffien er jo kald.

Kelnaren: Det røyker jo av den.

Ola: Ja, men det er jo frostrøyk.

— » —

— Har du høyrd om idioten som går rundt og seier NEI:

NEI.

— Så, det er altså deg.

— » —

Ei dame blei stogga i fartskontroll.

Politimannen: Du køyrde i 80 km i 50-sone.

Dama: Ja, men det sto jo 80 på skiltet der borte.

Politimannen: Ja, men det var riksveg 80.

Dama: Då var det bra du ikkje såg meg på riksveg 250.

— » —

— Veit du kva katten har som ingen andre har?

— Nei.

— Kattungar.

— » —

Mor: Men Petter då, kvifor er klea dine fulle av hol?

Petter: Vi leikte butikk. Jens var kjøpmann og eg sveiserost.

— » —

— Kelner, det er ei padde i suppa mi.

— Floga er på ferie.

— » —

— Veit du kva det står i botnen på alle svenske flasker?

— Öppnas i andra enden.

— » —

Ola: Veit du kvifor elefanten har ein raud, ein gul, ein orange og ein grøn sokk og ei raud alpelue?

Per: Nei.

Ola: Fordi han skal gøyme seg i

Non-Stop-posen.

Har du nokon gong sett ein elefant der?

Per: Nei.

Ola: Der ser du kor flink han er til å gøyma seg.

— » —

Lag namn og ord vassrett og loddrett.

Hest Brød Kake Osingen

Eksempel: GRORUD  
RORITA  
ASMAN  
N

## GÅTER:

Kva er meitemarkens nasjonalsong?

Svar: Delling er jorden.

— » —

— Neimeg, Jameg og Slåmeg sat i ein bil.

Så datt Neimeg og Jameg ut.

Kven sat igjen?


Svar: Slåmeg.

— » —


— Kva flyg i lufta og seier: MUS, MUS:

Svar: Ei humle i revens.

## FINN 5 FEIL



## FRÅ PRIKK TIL PRIKK






## FOTBALLDILLA



Svaret står ein annan stad i bladet.



## ERTA

Eg er ei ert.  
Eg ligg i jorda.  
Eg gror og blir stor.  
Eg treng jord og vatn.



## DIKT OM FRØ

Eg er eit frø  
som ligg i jorda  
eg ventar på  
å stå opp.




## FRØET

Frøet spirer i jorda  
og frøet blir stort  
til frøet blir blomst  
og frøet drikk vatn.

## PYRAMIDEN

Kven når fram til skatten.



# Litt om kvinnebunader i Os gjennom tidene

Av Maria Tveit og Hilda Feste

---

**Når no storparten av unge jenter i Os får sydd seg bunader til konfirmasjonen, vil det stendig bli nye «Årgangar» som ber vår vakre Os-bunad, seier forfattarane i dette korte oversynet om arbeidet med kvinnebunader i Os.**

---

Mangt og mykje som gjeld hus og heim har nok skifta på so ymse vis gjennom tidene. Slik ogso med bunader. Her er det kvinnebunaden me skal fortelja litt om.

Ved attersyn i ymse kjelder finn me at vår vakre Os-bunad slik me har han idag, byggjer på tradisjonar i bygda frå tidlegare tider. I Os-soga, band I, finn me til dømes mange interessante opplysningar nettop om dette emnet.

Å tidfesta dei ymse brigde nøyaktig er vanskeleg, men me veit at på slutten av 1700-talet brukte kvinnene kort trøye og heller kort stakk, alltid av heimeverka stoff. Dette vart spunne, vove, farga og oppdelt til kvar sitt bruk, så fargane kunne nok bli so ymse.

## FLEIRE BRIGDE

Først på 1800-talet kom det fleire brigde i kvinnebunaden. Den korte trøya måtte vika plass for ei lengre. Denne slutta til ved livet, men kring hoftene var det innfelt kilar (laskar). Av desse kjem det kjende namnet «Laskatrøye». Ho var open i bringa, og ein brukte då kvit skjorte, med vakker uttrekkssaum på halskrage og bringestykke. Gjerne brukte ein òg berre sauma krage og bringeklut, festa til eit lerrefts-stykke som vart kalla «buling». Brystduk sydd med små korssting i fine fargar hørde òg til.

Både trøya og den fotside, rynka stakken var av svart vadmål, eit stoff som sikkert var ganske tungt å svinga seg i. Noko seinare kom det lettare stoffet «klede» i bruk, ved sida av vadmål. Klede blir også idag brukt til bunadsstakkar.

Fine forkle skulle det òg vera til best-bruk, – av tunnare stoff, gjerne mørke, pynta med saum eller med fleirfarga border.

## HOVUDPLAGG

Skautet var hovudplagget til helg og høgtid. Det var eit stort, kvitt lin- eller lerrefts-stykke knytt over ein stiv valk, slik at ein fekk god høgd over panna. Med ymse mindre brigde liknar det Fana-skautet, slik dei bruker det i dag.



Gamal Os-bunad med laskatrøya og svarthuva.

I det 17. århundret kom og «svarthuva» i bruk hos gifte kvinner. Denne var av fint, svart klede, kanta kring panna med kvit lin, og med valk innvendig for å få rette høgda. Ein reknar med at svarthuva har tradisjonar heilt frå Dorothe Engelbretsdatter si tid (1634 - 1717). Ho vitja ofte Os fordi sonen budde her. Til bygda vår kom nok denne svart-huve-moten frå Bergensfruene. Skautet kom dermed ein del i bakgrunnen for dette nye hovudplaget, men begge vart brukte ved festlege høve.

#### MEIR FARGERIK DRAKT

Laskatrøya gjekk etterkvart ut or bruk, serleg om sommaren. Ei meir fargerik drakt tok delvis over. Den kvite, broderte skjorta med langerma, raud trøye over vart vanleg, og over denne brukte ein igjen grønt liv, desse gjekk langt ned i ryggen og pynta med kvardingar og breie sølvsnorer.

I staden for den raude trøya vart det og gjerne brukt berre raude ermar til det grøne livet.

Brystduk og belte i vakre korssting eller perlemønster hørde til. Det aller mest staselege var sølvbelte for dei som hadde høve til det, men det var berre for gifte kvinner.

Kring 1870-åra var det mange som byrja bruka brokade til overliv når dei skulle gifta seg, og fleire tok etter. Stoffet var gjerne grønt, einsfarga, men og med små blommar i ymse andre fargar.

#### SKAUT OG HUVE

Jamsides svarthuva var skautet då det vanlegaste hovudplaget straks kvinnene var gifte, endå om

andre variantar og kunne finnast. I Gunvor Ingstad Trøtteberg si bok om norske bunader finst det t.d. eit bilete av ei kvinne frå Os med ei «brurehuve» av raudt, småblomstra bomulls-stoff, pynta med eit nettverk av perler framme, eit gullfarga band kring panna, og eit brus av silkeband i alle spektrets fargar hangande ned frå nakken. Truleg var dette ei heller sjeldan «brurehuve».

Unge jenter skulle ikkje bera skaut, og heller ikkje raudtrøye. Tidlegare brukte dei ei lita huve utan valk, «blåhuva» dei kalla. Seinare tok roggebanda over når dei unge skulle pynta seg. Dei vakre roggebanda kransa kring hovudet og hang ned på ryggen.

#### MANGE OMSKIFTE

Kring 1900-årsskiftet og frametter vart det nok mange omskifte i bunadene. Dei unge kom med raude liv, pynta med band og smale sølv- eller perle- snorer, og med kvite skjorter og kvite forkle med fin saum.

Dei vaksne kom etter, og det vart brukt raude liv både av unge og eldre. Raudtrøya fall soleis mykje ut av biletet, serleg sommardagen. Stoffet i overlivet kunne vera av vadmål, klede eller fløyel, og sistnemnde kom det inn ein del av i mellomkrigsåra. Eit noko annleis saumemønster var og mykje i bruk ved sida av uttrekkssaumen, nemleg «hardanger-saumen» som har halde seg lenge hos oss.

Som med raudtrøya gjekk det og med svarthuva, dei gjekk stort sett or bruk, og etter kvart gjekk kvinnene oftare berrhovda også når dei bar bunad.



Marie Klyve Tveit i Os-bunad frå slutten av 1800-talet.



Kvinne frå Os i raud «brurehuve» pynta med perler.

Mange likte ikkje dette, og i 1930-åra gjekk Os bondekvinnelag inn for Os-skautet, for å få det i bruk att.

Eit resultat av dette tiltaket ser me på bilete frå Norges Bondelag sitt landsmøte på Voss i 1939. Mange Os-kvinner gjekk då med skaut.

Diverre kom krigen året etter med alle sine omskifte, også i lagsarbeid, som på alle andre område.

#### BUNADFRAMSYNING

Då tidene byrja bli meir «normale» att, var svært mange ivrige for å oppattnya det sermerkte ved den tidlegare Os-bunaden. I 1951 gjekk Os Husflidslag og Os Bondekvinnelag saman om ei bunadsframsyning i «Yrkesstova», huset som dei to laga hadde reist rett etter krigen. Her fekk folk sjå gamle drakter og mykje fin saum. Interessa var overlag stor. Det møtte folk frå Historisk museum i Bergen der det etterpå vart registrert mellom 300 og 400 sermerkte ting.

#### DRIVANDE KREFTER HELD KURS

Gunvor Ingstad Trøttestad vitja Os Husflidslag same året. Ho fekk sjå Marie Klyve Tveit si vakre


drakt og skuva på for å koma igang med bunadsarbeidet i laget. Vinteren 1952-53 sette so husflidslaget igang prydsaumkurs i krinsane i bygda.

Marie Klyve Tveit var ei drivande kraft heilt frå opptaket vart gjort til den nye Os-bunaden. Sjølv hadde ho den gamle, og hos sydde liknande nye til mange, eller og gav ho råd og rettleiing til andre so langt ho rokk.

Prydsaumkurs vart no lagde til «Yrkesstova» kvar vinter. Etter ei tid fekk husflidslaget Aslaug Sjøbø, frå Lysefjorden, som fast lærar. Ho underviste først berre i bunadssaum. Men då det vart stor pågang etter nye bunader, og då Aslaug Sjøbø var fullt utdanna husflidslærar, fekk ein ved hennar hjelp igang kurs. Der fekk ein rettleiing i all saum til heile Os-bunaden. Andre som var flinke i perlesaum hjelpte til med kurs også på dette området.

Når no storparten av unge jenter i Os får sydd seg bunader til konfirmasjonen, vil det stendig bli nye «årgangar» som ber vår vakre Os-bunad.

Denne arven frå tidlegare tider vil vonleg nye slekter også vita å ta vare på.



*Osingane på Norges Bondelag sitt årsmøte på Voss 1939.*

# Bjørnefjordens røyster

Av Arne Aarseth

---

**«Departementet skal dessuten anføre at det ligger i selve forsøksordningen at det totale antall konsesjonsområder må begrenses» var Departementets svar ved andre gongs søknad om nærkringkasting i Os. Men entusiastane gav ikkje opp, går det fram av denne artikkelen.**

---

I skrivande stund kan osingar, og andre med, høyre lokale røyster over eteren mest kvar ettermiddag og kveld. Osingane har endeleg fått sin eigen nærradio, jamvel to, etter fleire år med søknader og planlegging. 3. april 1989 kunne ordførar Ole Haakon Lunde erklæra RadiOs for opna og gi klarsignal for dei første sendingane. Det var ein merkedag i lokal mediahistorie.

Men vegen fram til nærradio har etter måten vore lang. Når eg seier etter måten, meiner eg at nærradio i Os har kome seinare enn i mange andre bygder det er naturleg å samanlikna seg med, som det heiter på politikarspråket. Både Voss, Stord, Arna, Sotra og Askøy fekk til dømes sine konsesjonar allereie i 1984, fire år før Os fekk sine. Men eldsjelene gav ikkje opp, og i juli 1988 kom meldinga om at Os-bygda hadde fått sine løyve til drift av nærradio.

## FRITIO-TILTAK

Saknet av lokale radiosendingar i Os hadde lenge vore der då Kultur- og vitkapsdepartementet utlyste prøvedrift for nærradio 9. mars 1984. Representantar for FRITIO i Os, gjennom sin organisasjon Os bygdakunstlag, tok med ein gong imot dette tilbodet og sette seg i sving for å koma med i forsøket. Det vart gjort undersøkingar på det tekniske området, samt laga ein forsøksvis organisasjonsplan. Ettersom departementet opna for faste ordningar for kringkastingsverksemd, var dei ansvarlege for nærradioarbeidet klar over at denne søknaden måtte vera alvorleg meint og skikkeleg gjennomarbeidd.

## MANGFALD

I hovudsak ville Os bygdakunstlag ha ein radio som tok vare på mangfaldet i kulturlivet i bygda. Dei ville ha eit partslag bak skipnaden, men ville ikkje at sterke lag skulle kunna kjøpa seg inn og overta styringa på veike lag sin kostnad. Difor ville ein at Os bygdakunstlag som paraplyorganisasjon, samt Os opplysningsråd, skulle vera dei juridisk ansvarlege for radioen. Ingen skulle kunna få meir å seia enn andre, sjølv om dei hadde fleire partar.

I april 1984 tok initiativtakarane kontakt med Os kommune for å be om medverknad frå kommunen si side. Ein var overtydd om at søknaden ville stå sterkare dersom det var med representantar for det offentlege i styringa for nærradioen. Organisasjonsmodellen vart difor lagt fram til uttale i kommunale organ. Kulturkonsulenten var positiv og rådde til at kulturutvalet utnemnde ein representant i styret og løyvde tilskot til radiodrifta. Formannskapet var derimot litt atterhaldne og bad kulturstyret kalla inn lag og organisasjonar for å drøfta spørålet om lokalradio i Os. Men dei stilte seg likevel velvillige og rådde til at kulturstyret fekk ein representant i eit interimstyre.

## TO SØKNADER

Os opplysningsråd hadde saka oppe på styremøte og peikte ut sin representant. Slik kom nærradioen til å bli eit samarbeidsprosjekt mellom Os bygdakunstlag og Os opplysningsråd med Os kommune som deltakar i interimstyret.




Dugnad i studio i desember 1989. Frå venstre: Leif Ragnar Tveit, Jørn Os, Magnar Moberg, Stein Helge Hjartholm og Leif Harald Lekven.  
(Foto: Arne Aarseth).

Det var store voner for nærradioen. Så store at osingane ikkje nøydde seg med ein søknad, men sende to. Den eine søknaden hadde ein kristen nærradio, Radio-Os, som siktemål, og vart send på nokså kort varsel. Det var Os Misjonsmenighet, ved Fred Arild Ravnskog, som stod bak denne. Den andre var bygderadioen, RadiOs, med utgangspunkt i Os bygdekunstlag og Os opplysningsråd.

#### AVSLAG

Men i slutten av august same året kom avslaget. Det vart eit stort vonbrot og skapte ikkje så lite irritasjon i organisasjonane. Både Radio-Os og RadiOs meinte å ha halde seg til utlysningsteksten frå departementet i søknadene sine, der det mellom anna heitte: «... departementet vil derfor legge vekt på den verdi prosjektene vil ha i forsøkssammenheng. Det vil ved valg av områder for forsøk bl.a. bli lagt vekt på at de løyver som gis, skal representere bredde når det gjelder geografisk fordeling, miljøer som står for programvirksomheten, måten forsøkene organiserer på og likeledes når det gjelder selve programprofilen».

Dei ansvarlege for nærradioarbeidet hadde vanskeleg for å sjå kva som var gale med Os-bygda på desse punkta som er nemnde ovanfor. Særleg på bakgrunn av at det vart gjeve eit svært stor tal på løyve i Bergen, der «mest kvart anna bauekorps fekk konsesjon», som ein Os-politikar uttrykte det.



Antenna vert montert på Liafjellet 28. januar 1989.  
(Foto: Arne Aarseth).



Tidlegare leiar Tord Søfteland og ny leiar i styret Jonny Haugland skriv under søknaden om kommunal garanti i februar 1989.  
(Foto: Arne Aarseth).

Også dei andre bygdene rundt Bergen fekk mange konsesjonar, mellom anna vart det utdelt fem på Askøy.

Men avslaget var klart. Departementet hadde ikkje funne å «... etablere et konsesjonsområde for uavhengig kringkasting i området som omfattes av Deres søknad».

Avslaget vart anka og avslått på nytt. Svaret var det same. Utlysingsteksten vart nytta som grunngeving, utan at departementet gjekk konkret inn i korfor Os fall utanfor. Men departementet sleppte katten ut or sekken då dei denne gongen tilføyde: «Departementet skal dessutan anføre at det ligger i selve forsøksordningen at det totale antall konsesjonsområder må begrenses».

#### IKKJE NEDLAGT

Korkje Radio-Os eller RadiOs vart nedlagde trass i avslaget. Radio-Os vart utvida til eit samarbeid mellom Os Misjonsmenighet og Os Kyrkjelyd 23. mai året etter og skifta sidan namn til Os Nærradio. RadiOs heldt fram som interimstyre heilt til mars 1986, då RadiOs vart formelt skipa som ein fast og juridisk organisasjon. Denne tida vart òg brukt til eit nærare samarbeid mellom Os Nærradio og RadiOs. Mellom anna vart det avtalt at ein skulle bruka felles studio og felles sendarutstyr. Dette ville gjera det økonomisk lettare å driva to nærradioar i Os-bygda.

#### NY SØKNAD

I 1987 kom lov om nærkringkasting som i praksis oppheva NRK-monopolet. Denne lova gav mellom anna tidlegare søkjarar høve til å søkja på nytt når ny konsesjonsrunde skulle utlysast. Denne gongen vart det òg gjeve løyve til reklameverksemd i samband med nærradiosendingar.

Søknadene gjekk gjennom denne gongen. Og alt i juli starta arbeidet med å organisera drifta. Det første problemet var å finna lokaliseringsstad for eit studio. Det måtte vera stort nok, ha lett tilkomst til Televerket sine linjer og liggja så pass sentralt at folk kunne stikka inno. Etter mange og lange undersøkingar enda ein i vaktmeisterbustaden i Fjellheim. Denne stod tom i underetasjen. RadiOs fekk leiga, og eldsjeler frå Os Nærradio og RadiOs gjekk straks i gang med å innreia til studio. Men det hasta. Villkåret for å behalda konsesjonen var at ein begynte sendingane før 11. januar 1989.

#### TUNGT

Diverre hadde den lange ventetida ført til at somme folk hadde kjølna i entusiasmen. Oppunder jul 1988 var det berre 4-5 personar som tok del i arbeidet på ulike felt, og det vart snart klart at ein måtte søkja om utsetjing med oppstartdatoen. Dette vart innvilga og gav dei ansvarlege ein velkommen pust i bakken.



Teknisk utstyr er på plass. Styremedlem Jon T. Sæter ser etter at teknisk ansvarleg Jørn Os skruer på dei rette knottane.

(Foto: Arne Aarseth).



Ordførar Ole Haakon Lunde fekk æra av å opna nærradioen saman med vekeansvarleg Arne Johan Sælen den 3. april 1989.

(Foto: Arne Aarseth).

Denne pausen vart ikkje lang. Det skulle kjøpast dyrt teknisk utstyr, sendaren skulle installerast og økonomien skulle sikrast. Dei økonomiansvarlege i RadiOs sende ut skriv til alle husstandane med tilbod om partar. Prisen vart sett til 200 kroner for kvar part og gav partseigaren medråderett i radioen. Ein rekna med at dette skulle gå fint, men det tekniske måtte i første omgang finansierast ved hjelp av lån. Til det søkte ein kommunal garanti og stønad.

Samstundes med innkjøp av teknisk utstyr og innreiingsarbeidet gjekk arbeidet med å organisera redaksjonen. Os Nærradio hadde alt ein redaksjon klar, men RadiOs hadde førebels berre ein ansvarleg redaktør. Dette vart løyst ved at ein innførte såkalla vekeredaksjonar med ein vekeansvarleg i spissen. Desse redaksjonane var laust organiserte, for laust, skulle det visa seg. Altfor mykje arbeid fall på den einskilde vekeansvarlege.

Men det var ingen mangel på programidéar. Dei første kjøreplanane ber preg av program som svinga frå korsong til språkspalte. Og etter kvart kom aktiviteten i studio til å likna på radio. Det var installert to kassettspelelarar, to platespelelarar, to bandspelelarar og ein CD-spelelar. Dei teknisk ansvarlege bygde opp ein solid stab av dyktige teknikkarar. Men ingen hadde trudd at det ville ta så mykje tid å laga kvart program. Heller ikkje var det

like lett å få folk til å gå ut på gata og fungera som journalistar. Så det vart mange musikkprogram, og kan henda mange av same type.

#### SENDETID

Det er nok rett å seia at RadiOs la seg på for mykje sendetid i veka. Måndag, tysdag, fredag og laurdag skulle det sendast halvannan time frå 18.00 til 19.30. Dette vart snart utvida med ei morgonsending og ei middagssending på til saman tre timar dei same dagane bortsett frå laurdag. Os Nærradio kjørte ei nøktern linje med sending kvar onsdag frå 18.00 til 19.30 og hadde få problem med å halda sendingane sine med stoff. RadiOs, derimot opplevde at aktivistane forsvann. Særleg dei vaksne trekte seg unna og gjorde sitt til at det vart ei overvekt av ungdomsprogram. Og då sommaren kom, var staben i RadiOs tørka inn til vanlegvis to personar, bortsett frå fredag og laurdag.

For å bøta på dette gjekk ein over til tidlege ettermiddagssendingar og kutta ut middags- og kveldssendingane, igjen bortsett frå fredag og laurdag. Dette var eit mistak, og så snart sommarferien var over, gjorde styret vedtak om å korta ned talet på program kvar veke. Frå no av skulle ein senda halvannan time frå klokka 18.00 att, gløyma dei ganske vellukka morgonsendingane, og innskrenka seg til måndag, torsdag og fredag. Fredag og laur-



dag skulle det i tillegg kunna sendast utover heile kvelden. Systemet med vekeredaksjonar gjekk ut og istaden bygde ein opp ein fast redaksjon for kvar sendedag. I skrivande stund ser dette ut til å fungera mykje betre enn tidlegare opplegg. Fleire og fleire aktivistar kjem no til radioarbeidet igjen. Og 31. august og 11. september gjorde RadiOs to historiske sendingar med direkte linjer frå Fjellheim.

#### LYTTARAR

Både RadiOs og Os Nærradio har markert seg i kulturlivet og nyhendebiletet i bygda. Ein har, sakte, men sikkert, opparbeidd ein ganske stor lyttarmasse. På sitt verste er dei to identiske med andre radioar, men på sitt beste er dette lokalradio av høg kvalitet.

Diverre har to tekniske uhell og dei stadig skiftande sendetidene gjort at det har vore tungt å få lyttartalet opp på det nivået ein skulle ønskja. Dette har slått ut på økonomien, som ikkje er god. Altfor få osingar har til no kjøpt partar og på den måten vore med å sikra framtida for radioen. RadiOs har fått eit kommunalt avdragsfritt lån på 90.000 og eit kommunalt garantert lån på 280.000. Dette har gått med til teknisk utstyr, som er både dyrt og




Ute av drift, konstaterer dagleg leiar Tore Lyssand 3. juni 1989.  
(Foto: Arne Aarseth).

tandert. I tillegg kjem ei husleige på vel 2.500 i månaden omframt straum og kommunale avgifter.

#### USIKKER FRAMTID

Så framtida til nærradioen er langt frå sikra. RadiOs er komen over den krisa som prega organisasjonen ei stund. Men det trengst fleire partar og betre økonomi, seier dei ansvarlege. Begge radioane er vesentlege innslag i kultur- og mediabiletet i Os-bygda. Det er å vona at det ikkje berre vert eit blaff.



Frå ein debatt i Os kommunestyre om skjenkeløyve til Solstrand turist-hotel.

Teikning: Sverre Bøe.

TREFF **FOTO**

FOTO LABBEN I  
OS GLASSMAGASIN  
Flåten Senter - 5200 Os  
Telefon 30 11 69

### Times levering av fargebilder

Forstørring 15x20 og 20x30

Ferdige rammer i tre og metall.

Innramming av bilder - maleri - posters -  
stramei - kunstbroderier etc.

## OS GLASSMAGASIN AS

«Butikken med fantasi og miljø»

«Som regel først  
med det siste».

Forhandler for:

Hadeland Glassverk og Bing og Grøndahl (porselen).

arkitektkontoret

**ARO** as

AREAL- OG TRAFIKKPLANLEGGING – ARKITEKTUR OG INTERIØRARKITEKTUR

BRUGANGEN, 5200 OS – TELEFON (05) 30 11 21

Blomar og planter  
i store parti  
me kjøper og sel  
frå vårt gartneri.

**a/s Kysland**  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 30 55 10

*Me har alt du treng som malar  
når du eigenhendig balar.  
Men me hjelper gjerne til  
når du sleppa mala vil.*

 MALERMESTER  
**ARNE STRØNEN** 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 30 80 81 - BUTIKK: 30 11 80

*Vestlands-  
lefsa  
til kvardag  
og fest,  
smakar alltid best*

*Vestlands-  
LEFSA*

**BØE LEFSEBAKERI A.S**

5200 OS - TELEFON (05) 30 03 20 - (05) 30 03 47

## RÅDGJEVANDE INGENIØRAR

Prosjektleiing  
Byggeleiing  
Byggeteknikk  
Ingeniørgeologi

Avlaupsanlegg  
Vassforsyning  
Feltutbygging  
Landmåling

# PROSJEKTERING <sup>A</sup>/<sub>S</sub>



BJØRNEGÅRDEN, OS - TLF.: (05) 30 06 09 - FAX: (05) 30 24 74

## HANS ASK

TRANSPORT AS

HALHJEMSVEIEN - 5200 OS



### RENOVASJON - CONTAINERSERVICE

*Tek på meg all slags bosskøyning.*

Ring tlf. (05) 30 53 14 - 30 58 35 - Lager Kolskogen: Tlf. (05) 30 16 17

Mobiltlf. 090 67 935 - Mobiltlf. 090 51 831



*Skal du pusse opp?*

*Kjøp verktøyet nå!*

**P. M. SÆLEN & CO. AS**

Tlf. (05) 30 04 00 - 5200 Os

Luna

Me har stolar og sofakrok  
der du kan kosa deg med  
ei bok.

Me har også seng og bord,  
både for liten og for stor.

## Møbelservice på Søfteland

Tlf. 30 71 70 - 30 72 31

## DRANGE BRUK A/S

Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

TELEFON: (05) 30 92 92 - MOBIL-TLF. 090 68 248

5212 LYSEKLOSTER



Sag og høvleri

ALT TIL  
GUNSTIGE  
PRISER


*Til kjøkken, bad og vaskerom  
har vi det meste, så berre kom  
og kjøp det du treng, vi installerar,  
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



**Sverre Samdal**  
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat (05) 30 02 55  
Kontor: (05) 30 15 83  
Mobil: 090 71461

Vil du ha ein festleg kveld,  
kom til Solstrand Fjord Hotel.  
Skal du feira bryllaupsfest,  
er vårt tilbod sikkert best.



---

---

Bli abonnent du òg!

---

---

*Her finn du  
SISTE NYTT  
om det som hender  
i heimbygda di!*

**OS & FUSA  
POSTEN**

Boks 272 – 5201 Os – Tlf. 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg  
Me mjuke tepper på golvet legg  
Me skaffar gjødsel til hagen din  
så plenen veks seg grøn og fin

**A.s Os Fargehandel**

5200 OS – TLF. 30 03 80 – 30 14 72  
Avd. **INTERIØREN** – Tlf. 30 03 80

*Roser og  
dekorasjonsplanter*

**Erling og Terje Lunde's Gartneri**

5228 Søre Neset - Tlf. 30 52 28


Med billetter frå vårt byrå,  
kan du heile verda nå.



**OS REISEBYRÅ** AS



POSTBOKS 260 – 5201 OS – TLF. (05) 30 11 90  
TELEFAX (05) 30 27 01



Løysing på kryssordet side 15.

**Skal De ut å reisa, –  
eller treng ein lastebil,  
ring, eller ta kontakt med  
vårt trafikkontor på Osøyro.  
Telefon 30 06 10.**



**BILRUTA FANA-OS-MILDE L-L**

**Når du treng BORD ELLER SENG  
ELLER EIN SOFA TIL HYGGE OG KOS  
Kom til møbelsenteret på Os**



**ÅPNINGSTIDER**

|         |              |
|---------|--------------|
| Lørdag  | 9:00 – 17:00 |
| Fredag  | 9:00 – 17:00 |
| Torsdag | 9:00 – 19:00 |
| Onsdag  | 9:00 – 19:00 |
| Tirsdag | 9:00 – 19:00 |
| Mandag  | 9:00 – 19:00 |

**MØBEL  
SENTERET  
PÅ OSØYRO**

*Me har alt det som du søker  
av skrivesaker og av bøker.*

**M. K. OLSEN**

BOK- OG PAPIRHANDEL A.S

5200 OS

Telefon: (05) 30 04 30

I kvardagslag som til brudlaupsfest  
brød og kaker frå oss er best.

**NESSE HEIMEBAKERI**

Søre Neset — Tlf. 30 52 24


*Ein blome til kvardags,  
ei rose til fest –  
til heimebruk, eller når  
du er gjest!*



**Halhjem Gartneri**

Tlf. 30 51 78

**BU SENTRALT – BU RIMELEG – BU TRYGT – BU GODT**




# **FLÅTEN TERRASSE**

HUSBANKFINANSIERTE HUSVÆRE MED LIVSLAUPSTANDARD

Sal ved:  **OS EIENDOMSMEINGLING**  
LANDBODEN, 5200 OS, ☎ 30 05 09  
BEVILLINGSHAVER: STATSÅUT. EIENDOMSMEGLER ANJA SKAATHUN

Utbygger: OS EIGEDOMSSELSKAP A/S



*På Flåten Senter finn du alt  
frå moteklær til smør og salt.  
Der kan du gå i ro og mak  
og handla etter råd og smak.*

**FLÅTEN**  **SENER**

**...har alt!**

Tlf. 30 03 50



**GJENSIDIGE**  
Vest, avd, Os

# TRENGER DU LÅN?

Da bør du prøve Gjensidige. Vi kan tilby deg de fleste typer lån til betingelser du vil bli overrasket over. Vi kan også refinansiere.

*Kontakt oss for en prat.*

Avtal tid, eller kom gjerne innom for en helt uforpliktende prat.

**Kontor Os, tlf. 30 04 88**



Lønnskonto for  
kostnadsbevisste

## ØKONOMI KONTO


- **Spar gebyr**  
Bruk kort til uttak i mini-Banken og betaling av varer
- **Høgare rente**  
(vanleg lønnskonto 7½%)  
9½% på den delen av spare-summen som er over kr 15000
- **GiroService**  
Eigen mappe med frankerte konvoluttar.  
Send inn post- og bankgiro-blankettar for belastning
- **TelefonService**  
Enkle banktenester via telefon

Kom inn, så får du veta meir om Økonomikonto!

**SPAREBANKEN  VEST**

# Brukskonto

Opnar for pengar, døgnet rundt



Med ein brukskonto i Fokus Bank kan du få Smartkort for minibankar og betalingsterminalar på bensinstasjonar og i butikkar. Brukskontoen opnar og for Visa og Eurocard som er internasjonale betalingskort. Dei kan du bruke som betalingskort på over 7 millionar hotell, restaurantar, butikkar m.m. over heile verda, og som minibankkort i utlandet. Dermed kan du betale for det meste dei fleste stader.

Mens pengane står på kontoen og samlar renter heilt til du brukar dei.

**FOKUS**  
*Bank*